

Bergelykkja – Jakupstugu

Av Knut Raastad, 2017



Bergelykkja eller Jakupstugu låg i Nordherad nedanfor Aabakken og vart slege saman med Aabakken i 1880 og er nå nedre del av Aabakken.

Skoskatten 1711 nemner på nigard Berge husqvinde Aaste Erlandsdtr., men om det var i Bergelykkja er usikkert.

Skoskatten 1711 nemner også husmann Jacob Andersen. I 1734 er det nemnd at Jacob Andersen hadde føderåd på nigard Berge og plassen Lychen på si livstid (han hadde hatt føderåd hjå sonen Jacob Jacobsen, og denne skal gå vidare nå som Siver Iversen har kjøpt garden av Jacob Jacobsen). Når Jacob Andersen døyrr, skal sonen Johannes Jacobsen overta plassen Lychen mot å betale 1 rd. i årleg avgift til brukaren på Berge. Jacob Andersen hadde 2 barn:

Johannes Jacobsen f.ca.1688 d.1745?, neste brukar?

Jacob Jacobsen g.m. Gjertrud Danielsdtr., på nig. Berge.

Neste brukar kan vera Johannes Jacobsen, og han kan ha hatt 2 barn:

Jacob f.1739

Marit f.1742, neste brukar?

Vi har ei Marit Johannesdtr. gift ca. 1775 med Peder Olsen. I 1776 er nemnd husmann Peder Lyken, i 1778 husmann Peder Bergeløkken, i 1779 husmann Peder Lycken, i 1780 husmann Peder Olsen.

Bergelykkja er ikkje nemnd i folketeljinga 1801.

I 1815 er ungkar Jacob Jonsen Nordheradeie nemnd, han gifta seg da med Anne Olsdotter Waage Præstgaardseie f.ca.1787 d.1858. Ved fødsel i 1815 er dei nemnde på Blæssumeie, men seinare er dei på Bergeie. Jacob Jonsen f.ca.1789 d.1857. Ved fødsel i 1817 og 1820 er nemnd at mora heiter Anne Nilsdotter, men dette kan vera feilskriving. Jacob og Anne hadde 6 barn:

Jon f.1815

Guri f.1817

Marit f.1820

Anne f.1823

Rønnov 1826-1828

Ole f.1830, gift 1861 m. Kari Iversdtr. Holshagen, Heidal f.1832. I Grovdalen.

Gnr. 81 bnr. 2 Løkken vart fråskild nigard Berge i 1880, skjøte frå Erland Hansen Nyhus til Ole Erlandsen Nordahl for kr 308,- er tinglyst 1889. I 1907 fekk Ola P Aabakken skjøte, dette er to år før han overtok Aabakken. Og i 1926 vart det skjøte til Peder O Aabakken, samtidig med at han overtok Aabakken. I 1944 vart dette gards- og bruks-nummeret samanføyd med gnr. 79 bnr. 1 Aabakken.

Kjelder:

Utskrifter tingbøker

Pantereister / grunnbok

Liste over husmannspenger til kyrkja

Skoskatten 1711